

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 83

Utkommer hver  
måned

August 1937

Utgiver og redaktør:  
Prost Slaattelid  
Davik

8. årg.

### Ved Gudstjenestens Begyndelse.

Mel.: Sode Jesu vi er her.

Gud og Fader, i dit Navn  
Her forsamlede vi ere;  
Lad det til vort Sielegavn,  
Lad det lykkes til din Ære!  
Lad os i vort Hierte finde,  
At du er blandt os herinde!

Hellige vort Syngechor!  
Hellige vor Daad og Tanke!  
Det dit himmelgivne Ord,  
Som vi skulle her opsanke,  
Lad det os velsignet blive!  
Hierte, Siel og Aand oplive!

Dan os her, bereed os saa  
at forsamlede med Glæde  
Værdige vi blive maae  
I det høie Chor at træde,  
Hvor blandt Aander englereene  
Vi dig skulle see og tiene!

Claus Frimann.

### Takk og lovprisning.

Han lova Gud med høg royst.  
Luk. 17, 15.

Takk og pris skulde alltid fylgja etter bønheyringa liksom skodda stig upp frå jorda når sola sender sine varme strålar.

Har Herren vore nådig mot deg og høyrte dine inderlege boner? Takk han då so lenge du lever. Spar ikkje på ein lovsong til han som har bønheyrte deg og gjeve deg det du trong. Har du ikkje ein takkesong for Guds nåde, so er du ikkje betre enn dei utakksame ni spitalske som ikkje kom attende for å gjeva Gud ære. Dersom vi gløymer å takka Gud skadar vi oss sjølve, for takkseing, liksovel som bøn, er ein av dei ting som mest hjelper fram det åndelege livet i oss og får det til å veksa. Å takka Gud gjer byrdene våre lettare, gjer vona vår levande og aukar vår tru. Det er sunt og styrkjande å øva

seg i å takka; det får hjarta til å slå kraftigare og det styrkjer oss i å tena Herren.

Å takka Gud for det vi opplever av nåde og velsigningar er og til gagn for næsten. »Dei spaklynde skal høyra det og gleda seg.« Andre som har vore i same stoda som vi, vil styrkjast og få mod når vi kan seia: »Lova Herren storleg med meg og lat oss saman upphøgja hans namn! Eg søkte Herren og han svara meg.« Den veike vil få styrke. Dei vil skjemmast over sine tvil og sin otte. Dei vil og koma til å syngja um Herrens vegar, når dei høyrer oss upphøgja hans heilage namn.

Lovprisning er den mest fullkomne måten vi kan tena Herren på. Englane bed ikkje, men dei prisar Gud dag og natt, og dei frelste i dei lange kvite kjolane og med palmegreiner i hendene vert aldri trøytt av å syngja den nye songen: Verdig er lambet.

Etter Spurgeon.

### Salmeboken. I.

For nogen år siden var det et norsk blad som spurte en rekke kjente menn og kvinner hvilken bok i hele verdenslitteraturen de satte høiest. En forfatter — han er død nu, overrasket verden med å svare: Salmeboken. Svaret var sikkert en overraskelse for verden stort sett. Men mange forstod ham. De fleste av dem som forstod, tenkte vel med sig selv: Nei, førsteplassen får nu bokenes bok ha. Det antar jeg forfatteren tenkte også. En kan vel ikke godt være glad i salmeboken uten først å være enda mere glad i Bibelen. Der hvor all verdens bøker fører mennesketankenes tale for tanken, der taler Bibelen Guds hjertesprog for hjertene. Men dette Bibelens levende forhold mellem bok og hjerte, det eier salmeboken en større

del i enn noget annet som er skrevet av mennesker. Derfor er den elsket mest av alle bøker — næst etter den Den hellige skrift. Salmeboken vil ingen original bok være. Den kommer ikke i eget ærend og forkynner intet selvstendig budskap. Den er Bibelens herold, en tjener for bokenes bok. Det var Landstads store glede, når kritikkerne av hans salmebok-utkast ingenting fant å utsette på lærdomsinholdet. Og alle rette salmedikteres og salmebokredaktørers første bekymring var »at vi ei fra troens grunn et hårsbredd viker nogen stund«. Det er ingen liten ting å takke for når vi tør si at dette gjelder også de salmebøker vi har i vår kirke idag!

Slik er salmeboken en forkynner iblandt oss. En forkynner av Guds rene og rette ord, det oplysende og vekkende og trøstende og styrkende. En forkynner i kirke og skole og hjem og lønnekammer. En forkynner som kanskje har mere å si for vårt folks kristensyn og kristenliv enn vi vanlig tenker. Denne forkynnelse kommer ikke til oss som direkte Gudsord i salmeboken, men som vidnesbyrd fra den kirke som er før oss. Salmeboken er det menneskelige ekko av Gudsordet, de fremfarne slekters gjengivelse av Ordet og dets virkninger. I dette ligger salmebokens forskjell fra Bibelen og dens likhet med alle andre rent menneskelig-kristelige bøker. Og likevel inntar den en stilling for sig selv blandt alle oppbyggelsesbøkene. *Salmeboken er sammenfatningen av hele kirkens rikeste erfaring og dypeste erkjennelse. Den er kirkens fellesbekjennelse til Kristus og dens fellesvidnesbyrd om Kristus og livet i Ham.* Menigheten er det som taler i salmeboken. De fleste salmer stammer vel fra en enkelts hjerte og munn, skjønt der er adskillige hvor vi intet sikkert vet om ophavsmannen. Og den enkelte er sin tids og sin types røst. Tilsammen danner de Guds kirkekor fra alle land og tider. Slektenes symfoni er det vi hører i salmeboken.

Se og hør rekken: Den begynner med den ukjente ophavsmann til »Alenest Gud i himmerik«, langt nede i det 2. århundre og går videre gjennom Ambrosius i det 4., Notker i det 9., Bernhard i det 12., Thomas av Celano i det 13., Luther i det 16., Gerhard i det 17., Brorson i det 18., Landstad i det

19. — helt op til dem som lever og synger iblandt oss idag. Og hør hvad de synger! »Mangfoldig, dog ens i grunnen.« Der fins ingen nød salmeboken ikkje kjenner, ingen bønn den ikke har gitt ord, ingen kristelig tanke den ikke nevner, ingen sannhet den ikke forkynner, ingen gudsbarnets trang og stemning som den ikke tolker. Mangfoldig, — ja like mangfoldig som slektene og sinnene og deres art og kår var. Og dog ens i grunnen. Fordi alt domineres av den ene tone fra himmelen, tonen om Guds ære og om frelse for sjelene.

Sogneprest *Smemo* i »Lys og liv«.

### Gode gåver.

Preike i Rugsund 5. juni, framhald.

II. Men Herren brukar menneskje til å utføra sine planar. Og dei reidskap han har brukt i den framgang vi her tenkjer på, er våre fedrar, i landet og i bygda. Difor vil vi her i Davik på denne 100-årsdagen minnast dei som gjekk fyre oss i bygda sitt liv. De som har ætta dykkar her, de vil minnast dykkar fedrar. For det som vi er nått til idag, det er frukta av deira arbeid under Guds signing. Livet for dei var hardare, stridare på mange måtar enn for oss. Ein får eit sterkt inntrykk av det når ein talar med svært gamle folk um korleis levekåra var da dei vaks upp. Slikt som vi reknar for naudsynleg, var for dei i 1837 ein utenkjeleg luksus. Hardt var livet for dei. Ikkje minst hard var striden med havet, havet som er storgjævt og stortøkt, som kan gjeva mykje og taka mykje, og som i den tida mest kvart år kravde sine offer. Men dei førde sin strid, i arbeidsemd, i æreskjensle, i gudsrykt. Dei stræva og arbeidde for seg og sine, på land og sjø, i heimen og i fjøset, seige og trufaste, til dess dei var utslitne og ikkje vann meir. Dei hadde æreskjensle, viljen til å klara seg sjølv, til å gjera sitt beste, til å gjera rett for seg, til å gjera si plikt. Og mange av dei, dei beste av dei, hadde den gudstrykt, den tillit til Gud, den tru på vår Herre og Frelsar, som kan gjeva styrke i strid og sorger, som kan bera gjennom livet og bera gjennom døden. Mangt eit overfladisk barn av vår tid vil sjå ned på dei. Dei var jo berre bønder og fiskarar;

dei var ikkje »upplyste« som vår innbilske tid skryter av å vera det; dei sette ikkje store krav til livet som vi gjer det; i mange måtar var livet deira fatigt og usivilisert. Men — der er ting som er større enn opplysning og sivilisasjon i vår tids meining. Å leva i arbeid, i æreskjensle, i pliktkjensle og i gudsfrykt, det er det høgste livet, det er det rette menneskeliv, det er menneskjeleg adelskap, korleis so dei ytre høve er. Og vantar desse ting, so er alt anna fåfengt. Difor minnest vi idag fedrane med takk og byrgskap. Dei ligg i sine graver, dei er gløynde eller vert gløynde. Men Davik som det er idag, frå Husevåg og til Førde, det er resultatet av deira arbeid og stræv. Signa vere minnet deira. Lat oss halda det høgt i ære. Og lat oss gå i deira fotefar.

### Notisar.

#### Gudstenester:

13. sund. etter treein., 22. aug.: Aalfot.  
 14. sund. etter trein., 29. aug.: Rugsund.  
 15. sund. etter trein., 5. sept.: Davik.  
 16. sund. etter trein., 12. sept.: Rugsund.  
 17. sund. etter trein., 19. sept.: Davik.  
 18. sund. etter trein., 26. sept.: Aalfot.

12., 19. og 26. september skal det vera konfirmasjon.

Til sjomannsmisjonen kom det etter årsmeldinga for Sogn og Fjordane krins inn i året 1936—37: Maurstad og Rimstad foreining kr. 603.60. — Sjøfuglen (Hammen) 41.72. — Almanning 180. Rugsund 17.50. — Levdal 102. — Aalfot 90. — Hennøy 83 og 80. — Kollektar ved pastor Ravnen 31.54. — Endal 49. — Varsol., Davik 140. — Tilsaman kr. 1417.76.

**Ofring.** Rugsund ved stemma 20. juni til ungdomsforbundet kr. 98.44.

**Før 100 år sidan.** »D. 13de Søndag eft. Trefoldighed 1837 ingen Gudstjeneste da Præsten var i Rugsund i Anledning af Biskoppens Nærværelse der for at bese den nye Kirke.»

**Doypte:** 27. juni Knut Martin Ragnar, f. 6. april av f. Bernt Knutsson Dombestein og k. Hilda Nilsdtr. (f. Bakke). — 11. juli Kjelly Marie, f. 25. mars av f. Gustav Kristoffersson Hunskar og k. Olga Pedersdtr. (f. Kjørsvik). — S. d. Björg Gerd, f. 25. april av f. Sigurd Larsson Flo, Nore, og k. Petra Jakobsdtr. (f. Nes). S. d. Oddbjørg Ragnhild, f. 1. juni av f. Ingolv Larsson Vambesef, Hessevik, og k. Johanne Andreasdtr. (f. Fonn).

**Ektevigde:** 19. juni i Oslo Karl Johansson Hattegerde og Dagny Hagensen, Oslo. — 21. juni i Starheim Kristoffer Olsson Bugjerde og Jenny Oisdr. Leire. — 29. juni i Stongfjorden Sigurd Haugen og Berta B. Maurstad. — 21. juli i Inn-

vik Kristofer Hansson Indredavik og Alvild Jonsdtr. Reme, Innvik.

**Basarar:** Elde 8. mai til santalmisjonen og indre sjomannsmisjon kr. 107.12. — Haus 13. januar til finnemisjonen 95 kr. — Haus 28. mai til heidningmisjonen 106.25. — Haus 21. mars fest for indremisjonen 66.40. — Hammen 24. juni til rednings-saka 83 + flagsal 10 kr.

**Kvittering for kontingent:** Josef Elde, Olav Nave, Matias B. Eikås, Kristen P. Ravnefjell 2.50. Ole I. Husevåg, Knut Horn, John Runshaug 3. — Spen Lofnes 4. — Martin R. Endal, Elisabeth Hestevik 2. — Alette Hundvik, Anton J. S. Berle 1. — Tils. 29 kr.

Hjarteleg takk til alle.



### Våre døde.

25. juni: Olav Jørundsson Bakke, Tytingvåg; f. 1935; bronkitt.  
 3. juli: Anders Eriksson Ervik; g. dagarbeidar; f. 1857 på Berstad; nyresjukdom.  
 4. juli: Kristine Jonsdtr. Mjånes; karenkje; f. 1861 på Hyenes i Gloppen; influensa.

Visst lyt me alle døy. 2. Sam. 14, 14.

### Sogneprest Magelssen.

(Forts.)

Da far og mor som nygifte høsten 1828 kom til Daviken, blev de mottatt med stor velvilje og kjærlighet fra menighetens side. Med de befordringsmidler som da måtte benyttes, var det ikke så godt å ta stor flytning med sig fra Valdres, hvor deres bryllup hadde stått, og over fjellet til Bergens stiit. Flytningen foregikk på hesteryggen. Stort å flytte hadde de nok heller ikke. Ja, bruden var jo naturligvis blitt nokså godt utstyrt fra foreldrehjemmet med klær og sengklær, men forøvrig var det smått. Av »brudegaver« som det i våre dager bugner av ved hvert et bryllup, hadde mor kun fått — en tesil. Men den var hun også glad i, og ved dens hjelp skjenket hun i sine dager mangen en tekopp. — Da de kom til Daviken var de nok derfor nokså snaue både hvad angår mat og husgeråd for en prestegård på landet. Men Davikens menighet sørget rikelig for at de kunde sette hus der uten bekymringer for den kommende vinter. Jeg har en fortegnelse som far har nedskrevet, over alle de foræringer som de fikk av sine sognefolk fra deres ankomst den 9. oktober og til årets utgang. Der er opført ikke mindre enn 259 navngivne givere. Og ga-

vene bestod i: Smør, 5 levende får, 3 slaktede får, 19 kjøttlår, 6 fleskeskinker, laks, ferskfisk-knipper, saltet fisk i butter, spekesild, talg, kålrabi, flere tønner korn, mel, gryn, kopper og kar både til kjøkken og kjeller og fjøs, bøtter, spann og melkeringer, bord og stoler, kurve, kniver, sengetepper, ull, strømper, ja endog 2 krukker med brennevin. Dessuten adskillige sølvdalere og sølvmarksstykker.

Denne sin fortegnelse slutter far med følgende ord: Ovenstående (adskillig visstnok enda ikke antegnet) er almuens frivillige gaver til mig siden min ankomst hit til Daviken den 9. oktober 1828 og inntil årets utgang. Mitt juleoffer for samme år beløp sig til 50 spd. Siden har jeg ikke optegnet de foræringer almuen har ydet mig. Jeg ser daglig de samme beviser på dens kjærlighet og velvilje og beder den gode Gud gi mig kraft og velsignelse til å bli en rettelig kristendomsforkynner i denne menighet hvem jeg med hele min sjel er hengiven. Hvad Frimanns gode familie har ydet mig vilde bli altfor vidløftig å opregne; så meget kan jeg kun si at der ikke gives nogen ting der er fornøden til husholdningen uten at de i rikeligste måte har forsynet mitt hus med enhver sort like fra min ankomst og inntil denne dag. Deres utmerkede velvilje i enhver henseende både med råd og dåd kan jeg og mine ikke yde dem fortjent takk for; den beste lønn har de i deres egen bevissthet.»

Jeg har omtalt denne fars og mors inntrødelse i Daviken, fordi den er karakteristisk for sin tid og gir et godt bilde av med hvilken kjærlighet og velvilje menigheten i de dage kunde omfatte sin prestefamilie.

Familien Frimann bestod av 3 medlemmer: Forhenværende prost og sogneprest i Daviken, dikteren Claus Frimann, hans sønn proprietær Peder Harboe Frimann og sønnkone Marthe Frimann. De bodde på Frimannslund som var prestegårdens nærmeste nabogård i den tid, og var rike folk. Jeg kan huske far fortalte at man anslog deres formue til »en tunne gull«. Disse Frimanns var det som viste far og mor så stortartet en kjærlighet og velvilje, likesom den fortrolige omgang med dem kastet så meget

lys og så megen hygge over livet. Første gang den gamle dikter-prest feiret sin fødselsdag efter mine foreldres ankomst til Daviken, hadde far skrevet en sang til geburtsdagsbarnet. — Dette overrasket i høi grad den gamle, og han uttalte sin store glede over å ha gjort den opdagelse at der var kommet en dikter til prestegården. Ja, far kunde skrive vakre vers, både dype, alvorlige vers og vers fulle av lunt humor og lys livsglede. I mors bibel som jeg har arvet, har han således skrevet følgende:

Til min gode og dyrebare hustru

**Maren Dorothea Marie Magelssen!**

I jordelivets nat en venlig lampe spreder  
Sitt lys for trøtte pilegrimmes fjed;  
Naar sorgbetyngt, uvis du om stien leder,  
Der fører til det sikre hvilested:  
Ved det du gjennom livets orken finder  
Til morgenstjernen blidt paa himmelen oprinder.

Hvad er vort liv, vor færd, vor stræben vel  
herveden?

En vei paa hvilken gjennom vel og ve  
Vi vandre frem, og trods møisommelige leden  
Dog allfor tidt vort haab tilintetgjort vi se.  
Vi tro at kjæmpe snildt og det med sterke vaaben.  
Omsider, trods al kamp, vi se dog graven aaben.

Men lyset som i liv og død os alle leder  
Er Herrens trofaste og klare ord.  
Og kraft erholder hver som barnlig ydmyg beder,  
Til at udholde hver en kamp paa jord.  
O, maatte det for os og helligt være  
Indtil for thronen hist vi seierspalmen bære!

Davigens prestegaard 4de april 1832.

**Wilhelm Magelssen.**

For far var den hyppige, næsten daglige omgang med Claus Frimann alltid herlige og høit skattede oplevelser, der gjennom hele hans senere liv og embedsgjærning stod for ham som dyrebare minner. — Far kom til Daviken som den 24 år gamle nybakte prest, — visstnok meget vel utrustet som teolog og med rike naturens gaver for sin gjærning; men, uerfaren og varmbloedig som han var, kunde hans ungdommelige nidkjærhet lett bringe ham til å gå for vidt, når han møtte motbør og ikke så den frukt av sitt arbeide som han gjerne vilde se.

(Forts.).